



Norske Felleskjøp SA

# Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2015/2016

pr. 13. mai 2016

Prognosen er grunnlaget for gjennomføringa av tiltak for å balansere kornmarknaden inklusive tilrådingar om suppleringsimport.

## Tilgangsprognose

Tilgangsprognosen byggjer på registrert kvantum avrekna korn for landet til og med utgangen av april. Det gjenstår normalt berre mindre kvanta som vil bli levert i sesongen.

Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgangen av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:

### Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2010-14		Prognose 2015	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
	Tilgang 2014				
Matkveite	157 700	217 500	<b>149 300</b>	95 %	69 %
Førkveite	123 800	150 900	<b>325 700</b>	263 %	216 %
Kveite i alt	281 500	368 400	<b>475 000</b>	169 %	129 %
Matrug	13 300	31 300	<b>36 500</b>	274 %	117 %
Fôrrug/rughvete	7 700	6 800	<b>29 500</b>	383 %	434 %
Rug i alt	18 800	38 000	<b>66 000</b>	351 %	174 %
Bygg	499 000	498 900	<b>477 000</b>	96 %	96 %
Havre	241 800	269 700	<b>270 000</b>	112 %	100 %
Korn totalt	1 043 400	1 175 000	<b>1 288 000</b>	123 %	110 %
Erter	2 700	2 100	<b>3 700</b>	137 %	176 %
Oljefrø, åkerbønner	9 100	9 600	<b>10 400</b>	114 %	108 %
Korn, erter, oljefrø	1 055 300	1 186 700	<b>1 302 100</b>	123 %	110 %
Matandel kveite	56 %	59 %	<b>31 %</b>		
Matandel rug	71 %	82 %	<b>56 %</b>		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Tilgangen av korn, erter og oljefrø er med dette prognosert 115 000 tonn høgare enn i sesongen 2014/2015.


## Kvalitet og fordeling, matkveite

Under er vist prognosert klassefordeling for tilgangen av norsk korn i sesongen basert på registrerte leveransar hos Landbruksdirektoratet pr. april<sup>1</sup>. Tabellen viser den forventede fordelinga mellom proteinklasser og gjennomsnittleg innhald av protein pr. klasse:

### Klassefordeling av tilgang matkveite (kvantum i tonn):

	2014-15		Prognose 2015-16			
	Fordeling tilgang	Protein-%	Prognose august	Prognose	Kvantum (tonn)	Protein-%
Klasse 1	0,1 %	13,2 %	3,9 %	3,2 %	4 700	12,4 %
Klasse 2	16,4 %	13,5 %	15,4 %	14,9 %	21 900	12,4 %
Klasse 3	57,9 %	13,3 %	37,4 %	41,8 %	61 600	12,2 %
Klasse 4	21,6 %	10,7 %	33,0 %	36,7 %	54 100	11,9 %
Klasse 5	4,0 %	10,6 %	10,3 %	3,4 %	5 000	11,7 %
I alt	100,0 %	11,9 %	100,0 %	100 %	147 300	12,1 %

Figuren under viser utviklinga i tilgang mellom dei ulike proteinklassane av matkveite.



Over tid har tilgangen av vårkveite i aukande grad blitt dominert av sortar i proteinklasse 3. Bransjen har dei siste åra i aukande grad stimulert klasse 1 og 2 og gitt mindre stimulans til klasse 3. Dette er forventet å gi effekt på fordelinga i åra framover.

<sup>1</sup> Tilgang redusert med 2 000 tonn som er føresett brukt til fôr utover omdisponering som marknadsregulering.

## Forbruksprognoser

### Matkorn

Prognosen for foredling av matkorn i Norge er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med mars i år. Prognosen er elles basert på trend pr. måned for siste fem år for resten av sesongen.

Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose:

<b>Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)</b>					
<b>Sesong</b>	<b>Kveite</b>	<b>Rug</b>	<b>Bygg</b>	<b>Havre</b>	<b>Sum</b>
2010/2011	292 466	25 893	3 093	23 320	344 772
2011/2012	279 930	25 590	2 872	23 191	331 583
2012/2013	281 646	26 056	2 604	26 998	337 304
2013/2014	279 896	23 421	2 643	28 807	334 767
2014/2015	274 863	22 114	3 184	30 178	330 339
<b>Prognose 15/16</b>	<b>276 000</b>	<b>22 000</b>	<b>3 000</b>	<b>31 000</b>	<b>332 000</b>

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

### Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 1. kvartal i 2016 og på produksjons- og salsprognosar for mjølk, kjøtt og fjørfe.

Forventa forbruk i perioden er prognosert under:

<b>Kraftfôrsalg per kornsesong (tonn)</b>					
	<b>Drøvtyggar</b>	<b>Svin</b>	<b>Fjørfe</b>	<b>Anna</b>	<b>Sum</b>
4K10 - 3K11	905 522	490 110	384 220	33 223	1 813 075
4K11 - 3K12	975 091	490 463	409 564	30 080	1 905 198
4K12 - 3K13	992 119	482 004	446 184	28 380	1 948 687
4K13 - 3K14	997 058	481 603	460 639	25 192	1 964 492
4K14 - 3K15	1 010 312	495 779	426 925	22 771	1 955 787
<b>4K15 - 3K16*</b>	<b>1 010 000</b>	<b>502 000</b>	<b>436 000</b>	<b>20 000</b>	<b>1 968 000</b>
Endring	0,0 %	1,3 %	2,1 %	-12,2 %	0,6 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Nortura vil redusere prisen på dei tyngste grisane. Prognosert kvantum svinekjøtt i prognosegrunnlaget er redusert med 1 500 tonn.

## Fordeling av tilgangen – forbruk og overskott

Tabellen under gir oversikt over bruken av norsk korn til ulike formål:

### Fordeling norsk korn (tonn)

Kornslag	Tilgang ny avling	Forbruk matkorn	Omdisponert til fôr i sesong	Korn i alt til fôr	Overlagre til ny sesong
Kveite	475 000	116 500	25 000	353 500	5 000
Rug	66 000	22 000	4 700	34 000	10 000
Bygg	477 000	3 000		474 000	
Havre	270 000	29 500		240 500	
<b>Totalt</b>	<b>1 288 000</b>	<b>171 000</b>	<b>29 700</b>	<b>1 102 000</b>	<b>15 000</b>
Overskott av karbohydratråvarer i sesongen					<b>45 000</b>

I desember og mars er det godkjent tilbud for priskompensasjon for 4 700 tonn matrug og 25 000 tonn matkveite for omdisponering til fôr. Det gjenstår eit overskot av matkveite av klasse 4 og 5 på i alt 5 000 tonn. Det er ikkje rom for auka bruk av norsk korn i kraftfôr og overskott av matkorn vil bli lagt ut for tilbud om overlagring til sesongen 2016/17 saman med gjenstående overskott av matrug.

Bakeeigenskapane til matkveite av klasse 4 i sesongen 2015 var svakare enn tilsvarande vare året før. I overgangsperioden hausten 2015 brukte matmjølmøllene klasse 4 frå hausten 2014. I overgangsperioden hausten 2016 vil matmjølmøllene ha tilgang av klasse 4 frå hausten 2015. Norske Felleskjøp har lagt til grunn at forbruket av klasse 4 pr. måned i overgangsperioden hausten 2016, som er sett til perioden september-november, vil bli på same nivå som matmjølmøllene sitt prognoserte forbruk i siste del av inneverande sesong. Forbruket i tremånadarsperioden i 2016 blir etter dette 3 900 tonn lågare enn i tilsvarande periode i 2015. Norske Felleskjøp vil difor opne for overlagring av dette kvantumet til neste sesong og auke foreslått kvote for import av matkorn i inneverande sesong tilsvarande.

Overskottet av karbohydratråvarer som vil bli lagt ut for tilbud om overlagring, er nærare omtalt side 9.

## Import av kornråvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Prognosane for suppleringsimport blir vurdert i etterkant med utgangspunkt i registrerte grunnlagsdata (areal, tilgang og forbruk). For å ha det endelege talgrunnlaget, vert evalueringa gjort ved slutten av etterfølgjande sesong, i mai. I tabellen under framgår avviket i prognosen saman med registrert ubrukte importkvoter.

### Evaluering - prognoserte importkvoter (tonn)

		2008/09	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Kvoter matkorn	Prognosert	189 000	231 000	120 000	274 000	168 000	215 000	126 000
	Revidert prognose	168 000	234 000	120 000	268 000	181 000	213 000	127 000
	Overprognosert	21 000	-3 000	0	6 000	-13 000	2 000	-1 000
	Ubrukt kvote	3 217	17 392	1 984	24 977	5 921	4 471	3 601
Kvoter karbo	Prognosert	181 000	311 000	273 000	397 000	488 000	509 000	388 000
	Revidert prognose	178 000	291 000	310 000	401 000	455 000	511 000	373 000
	Overprognosert	3 000	20 000	-37 000	-4 000	33 000	-2 000	15 000
	Ubrukt kvote	3 305	16 291	6 356	18 515	6 946	5 545	15 097

Importkvotene for karbohydratråvarer i sesongen 2014/2015 vart sett til i alt 388 000 tonn. Dette ville, vurdert i etterkant, ha blitt fastsett 15 000 tonn lågare og gir i utgangspunktet grunnlag for tilsvarende reduksjon i importkvotane for inneverande sesong. Importstatistikken frå Landbruksdirektoratet over viser imidlertid at kjøpte kvoter for import av 15 100 tonn karbohydratråvare ikkje var brukt ved utgangen av august 2015. Grunnlaget for avkorting fell dermed bort. For matkorn gir evalueringa grunnlag for å korrigere kvoten i inneverande sesong opp med 1 000 tonn.

For avvik i vurderingar av kvote for råvarer til kraftfôrindustrien illustrerer tabellen under utslaget av ulike faktorar. Første kolonne er prognosetal pr. mai 2015, medan den andre kolonnen viser den tilsvarende etterrekninga gjort i dag:

Evaluering 2014/2015	Maiprognose	Endeleg	Differanse
Omsetning av kraftfôr	1 963 000	1 959 000	
Andel karbohydrat	71,7 %	71,7 %	0,0 %
Behov for karbohydrat	1 407 000	1 405 000	-2 000
Forbruk av kli frå norsk foredling	-52 000	-55 000	-3 000
Behov for karbohydrat ekskl. kli	1 355 000	1 350 000	-5 000
Tilgang av norsk forkorn	-916 000	-919 000	-3 000
Importbehov før MUL-korreksjon	439 000	431 000	-8 000
Bilaterale kvoter EU, GSP	(53 000)	(53 000)	0
Korreksjon for året før	9 000	2 000	7 000
MUL-kvoter korrigert	-7 000	-7 000	0
<b>Kvoter for suppleringsimport</b>	<b>388 000</b>	<b>373 000</b>	<b>-15 000</b>

### Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote som normalt vert fordelt mellom auksjonar i august, november og mai. Som grunnlag for tilråding om importkvoten for matkorn samla er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Det er gitt opning for import av økologisk grynnavre. Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i kvoteåret:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	276 000	22 000	3 000	31 000	332 000
Norsk korn	116 500	22 000	3 000	29 500	171 000
Importbehov	159 500	0	0	1 500	161 000

### Forslag om importkvote for matkorn

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll må det takast omsyn til import frå land industrien kan importere frå tollfritt og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at importkvoter for durumkveite blir utnytta i tråd med kjøpte lisensar.


Prognosen gir følgjande grunnlag for tilråding om suppleringsimport av matkorn ved auksjonen i mai:

Prognosert suppleringsimport matkorn, mai 2016 (tonn)	
Prognosert suppleringsimport sesongen	161 000
- Import under kvoter for durumkveite 2015	-
Suppleringsimport inklusive MUL-import	161 000
- Tildelt importkvote i august	(46 000)
- Tildelt importkvote i november	(84 000)
Importbehov inklusive MUL-import	31 000
Korreksjon for kvotetildeling forrige sesong	1 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	-
<b>Prognosert importkvote med administrert toll</b>	<b>32 000</b>

### Importbehov for fôrkorn (karbohydratråvarer)

Prognosert omsetning av kraftfôr er grunnlaget for importbehovet.

Karbohydratandelen for prognoseperioden er sett til 70 % med bakgrunn i tilråding frå Bransjeforum i august og november, basert på det ekstraordinært låge proteininnhaldet i korn etter sesongen 2015. Historiske data frå Landbruksdirektoratet gir følgjande bilete og eit sesonggjennomsnitt så langt på 70,0 %:



Med prognosert råvareforbruk, gitt importkvote, bilaterale kvoter og MUL-import blir bruken av norsk fôrkorn i sesongen som vist under:

<b>Forbruk av norsk forkorn 2015/16 (tonn)</b>	
Forbruk av KH-varer totalt	1 326 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	(20 000)
- Kvote for roemelasse - GSP	(40 000)
- Tildelt importkvote i august	(205 000)
- MUL-import	(15 000)
Norsk korn til kraftfôr	1 046 000


Det har tidlegare vore vanleg å legge til grunn at kraftfôret samla må ha rom for minst 15 % importerte karbohydratråvarer (eksklusiv kli) – som tilsvarar 85 % norsk. Som tabellen under viser, er importandelen denne sesongen om lag 79 % (kvantumstal i tonn):

<b>Norskandel</b>		
	85,0 %	78,9 %
Karboforbruk	1 326 000	1 326 000
Bruk av norsk korn	-1 091 000	-1 046 000
Importbehov karbohydrat	235 000	280 000
EU/MUL	-75 000	-75 000
Kvote for auksjon	160 000	205 000

Kraftfôrindustrien har i Bransjeforum understreka at den tildelte kvota pr. august er nødvendig for å kunne produsere eit kraftfôr av tilfredsstillande kvalitet ut frå kva marknaden etterspør.

Forbruks- og importstatistikken viser at kraftfôret dei seianare åra har endra samansetting, mellom anna ved auka bruk av importerte råvarer som tilpassar fôret til krava mellom anna til meir høgtytande kyr og til ein aukande andel av total omsetning som kyllingfôr.

Utviklinga i importerte råvarer som er særleg viktige for kraftfôr til kyr er vist i figuren under. Figuren viser også andelen desse varene utgjer av samla forbruk av karbohydratråvarer eksklusive kli.



Dei to siste sesongane har andelen som blir vurdert som essensiell import utgjort i overkant av 18 % av karbohydratet i kraftfôret. Utviklinga i råvarekravet i produksjonen av kraftfôr har medført at vi inneverande sesong med stor avling av norsk fôrkorn, har overskott av norsk korn.

Det gir følgjande behov for norsk fôrkorn og for suppleringsimport for karbohydratråvarer til kraftfôr:

<b>Importbehov karbo (tonn)</b>		
<b>Forbruk</b>		
Kraftfôrsal	1 968 000 tonn	
Andel karbohydratråvare	70,0 %	
Behov karbohydratråvarer		1 378 000
- Forbruk av norsk kli		52 000
Karboråvarer eksklusiv kli		1 326 000
<b>Tilgang</b>		
Norsk korn brukt til kraftfôr etter svinn *)	1 102 000 tonn	-1 046 000
<b>Importbehov karbohydratråvare</b>		<b>280 000</b>

\*) Svinn 1,0 %

<b>Tilgang norsk fôrkorn etter svinn</b>	1 091 000
<b>Forbruk norsk fôrkorn</b>	-1 046 000
Overskot av fôrkorn	45 000
<b>Norsk korn i % av råvareforbruk</b>	<b>53 %</b>

#### *Avtalte importkvoter for karbohydratråvarer*

For import frå GSP-land er det fri tilgang til importlisensar. Denne importen skjer uavhengig av tollkvotetildelinga og må takast omsyn til ved utlysing av auksjon av kvote med redusert toll. Lisensane gjeld til 31. juli og nye importkvotar for ordinær import med redusert tollsats blir fordelt i auksjon i august og er tilgjengelege frå 1. september. Avviket er ein måned og blir ikkje teke omsyn til i prognosen.

I perioden 01.08.2015 – 24.04.2016 er det registrert importert 9 600 tonn karbohydratråvarer på slike tollfrie lisensar. For perioden 25.04.2016 - 31.07.2016 er det gitt nye lisensar for import av ytterlegare 5 000 tonn. Tilgjengeleg kvote for auksjon av korn med redusert tollsats vert difor redusert med 15 000 tonn som følgje av import av råvarer utan toll. Eventuelt mindreforbruk i forhold til gitte lisensar i resten av sesongen vert korrigerert i august.

Det er inngått avtale med EU om tilgang til tollfri import til Norge av inntil 10 000 tonn mais og 10 000 maisgrits. Kvotane gjeld for kalenderåret. Norske Felleskjøp ventar at desse vil bli utnytta fullt ut og reduserer nødvendig kvantum suppleringsimport med redusert toll tilsvarande. Det er også lagt til grunn at den tollfrie kvota på 40 000 tonn suktermelasse til dyrefôr vil bli utnytta fullt ut.



### Forslag om importkvote for fôrkorn

Prognosen, med korleksjon etter den førre sesongen, gir følgjande oversikt over balansen for karbohydrat pr. mai, basert på oppdatert behov for råvarer:

<b>Prognosert suppleringsimport karbohydrat, mai 2016 (tonn)</b>	
Prognosert behov for importbehov i sesongen	280 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	(20 000)
- Kvote for roemelasse - GSP	(40 000)
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	2
Suppleringsimport inklusive MUL-import	220 000
- Tildelt importkvote i august	(205 000)
- Tildelt importkvote i november	-
Importbehov mai inklusive MUL-import før korleksjon	15 000
+/- korleksjon for kvotetildeling forrige sesong	-
- MUL; import og lisensar august-juli	(15 000)
<b>Forslag til importkvote med administrert toll</b>	<b>-</b>

Det er ikkje grunnlag for å tilrå kvoter for suppleringsimport for karbohydratråvarer i mai.

### Sesongoverskott av fôrkorn

Tildelt kvote i august opna for import av meir karbohydratråvarer til kraftfôr enn endeleg prognosert marknadsbalanse. Dette overskottet vil marknadsreguleringa handtere i form av opning for overlaging av norsk fôrkorn til sesongen 2016/2017.

Tabellen under viser korleis overskottet av karbohydratråvarer i sesongen oppstår, med utgangspunkt i faktisk tilgang etter svinn og gitte og forventa importkvanta:

<b>Kvantum (tonn)</b>	
Tilgang norsk forkorn e. svinn	1 091 000
Tildelt auksjonskvote	205 000
Import via EU-kvoter	60 000
Import MUL	15 000
Korreksjon sesong før	-
Tilgang av KH-varer totalt	1 371 000
Forbruk av KH-varer totalt	(1 326 000)
Overskott av KH-varer	45 000

**VEDLEGG:**

**Tilgang korn (tonn)**

	Hvete			Rug		
	Mat	Fôr	Total	Mat	Fôr	Total
1998/1999	122 018	188 460	310 478	3 024	11 441	14 465
1999/2000	196 350	16 842	213 192	5 020	366	5 386
2000/2001	250 551	46 310	296 861	6 832	3 350	10 182
2001/2002	115 461	129 014	244 476	2 503	3 079	5 582
2002/2003	201 111	42 967	244 078	6 048	2 105	8 154
2003/2004	310 007	24 347	334 354	15 725	2 453	18 178
2004/2005	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/2006	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/2007	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/2008	303 085	78 421	381 506	25 080	13 225	38 305
2008/2009	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/2010	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/2011	184 791	127 458	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/2012	40 504	229 783	270 287	4 747	11 362	16 109
2012/2013	174 164	84 459	258 623	2 853	1 841	4 694
2013/2014	171 406	26 335	197 741	11 700	949	12 649
2014/2015	217 471	150 946	368 418	31 259	6 764	38 023
13. august	248 000	153 000	402 000	38 000	22 000	60 000
30. september	152 000	282 000	434 000	42 000	23 000	65 000
19. november	144 000	334 000	478 000	34 000	25 000	59 000
14. mars	158 700	333 300	492 000	36 700	29 300	66 000
<b>Prognose</b>	<b>149 300</b>	<b>325 700</b>	<b>475 000</b>	<b>36 500</b>	<b>29 500</b>	<b>66 000</b>

**Tilgang korn (tonn)**

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner
1998/1999	580 016	365 783	1 270 742	0	9 784
1999/2000	585 008	330 530	1 134 116	0	10 304
2000/2001	537 095	374 940	1 219 078	0	9 008
2001/2002	583 915	312 821	1 146 794	290	19 113
2002/2003	555 501	261 445	1 069 176	529	17 822
2003/2004	552 344	316 605	1 221 480	1 054	11 312
2004/2005	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237
2005/2006	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220
2006/2007	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519
2007/2008	456 091	260 427	1 136 328	8 691	8 966
2008/2009	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722
2009/2010	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819
2010/2011	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165
2011/2012	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577
2012/2013	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315
2013/2014	479 429	212 361	902 179	963	6 015
2014/2015	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648
13. august	352 000	253 000	1 067 000	2 000	7 000
30. september	446 000	245 000	1 190 000	2 000	8 000
19. november	466 000	263 000	1 266 000	4 000	11 000
14. mars	480 000	273 000	1 311 000	3 500	10 500
<b>Prognose</b>	<b>477 000</b>	<b>270 000</b>	<b>1 288 000</b>	<b>3 700</b>	<b>10 400</b>

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

Arealfordeling 2010-2015 (dekar)						Prognose 2015	Endring frå 2014
	2010	2011	2012	2013	2014		
Haustkveite	185 854	141 495	19 724	91 327	205 474	375 700	170 200
Vårkveite	533 298	596 240	648 508	456 404	585 034	480 100	(104 900)
<b>Kveite</b>	<b>719 152</b>	<b>737 735</b>	<b>668 232</b>	<b>547 731</b>	<b>790 508</b>	<b>855 800</b>	<b>65 300</b>
Rug, rugkveite	67 447	52 799	14 756	30 095	60 846	104 100	43 300
Bygg	1 457 139	1 475 232	1 558 255	1 587 177	1 259 617	1 225 500	(34 100)
Havre	757 944	713 541	689 422	684 556	714 966	629 900	(85 100)
<b>Korn</b>	<b>3 001 682</b>	<b>2 979 307</b>	<b>2 930 665</b>	<b>2 849 559</b>	<b>2 825 937</b>	<b>2 815 300</b>	<b>-10 600</b>
Oljefrø	59 344	52 025	54 873	34 613	40 999	34 700	-6 300
<b>Korn/oljvekstar</b>	<b>3 061 026</b>	<b>3 031 332</b>	<b>2 985 538</b>	<b>2 884 172</b>	<b>2 866 936</b>	<b>2 850 000</b>	<b>-16 900</b>

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet/Søknad om produksjonstilskudd.


Med denne prognosen og registrert areal, er avling (inklusive såkorn og leigerens) rekna ut til å vere:

#### Avling, kg/dekar

Kornslag	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Progn 2015	Diff 2014
Kveite	487	341	461	386	411	389	487	575	18 %
Rug	583	385	507	308	332	422	626	634	1 %
Bygg	435	350	372	335	368	324	423	417	-1 %
Havre	427	343	392	324	336	327	395	449	14 %
<b>Totalt korn</b>	453	347	401	345	370	338	438	480	10 %
Oljefrø	204	159	172	165	207	175	236	300	27 %


## Kor treffsikre har tilgangsprognosene vore?

Figuren under illustrerer gjennomsnittlige avvik siste fem år:




Positive tal betyr at prognosen overestimerer.

Figuren under viser historisk oversikt over prosentvis avvik for korn i alt i forhold til det endeleg registrerte kvantumet i augustprognosane:



For inneverande sesong ga augustprognosen 223 000 tonn lågare prognose enn den tilgangen vi ser i dag. Tabellen under illustrerer forskjellane mellom ulike grunnlag for augustprognosen og endeleg prognose:



Denne sesongen kom den statistiske modellen til Nibio svakare ut enn vurderingar gjort av fagpersonar i Norsk Landbruksrådgiving. I august var prognosen basert på gjennomsnitt av prognosert avlingsnivå frå NLR og Nibio. Vi ser også at NLR korrigererte inn mykje av avviket i sine septemberprognoseringar.